

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 03.12.2019

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 02 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021
--

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell

Tidspunkt: Måndag 2. desember 2019, kl. 17.00-21.00

RAMMEPROGRAM, MÅNDAG 2. DESEMBER 2019

Program	Tidspunkt	Saker
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 17.00-18.00	Sak 22-30
Middag, juletallerken	Kl. 18.00-18.45	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 18.45-21.00	Sak 31-42

Erik Røste (Skistyre) deltek på møtet, og informerer og svarer på spørsmål.

Sakliste

REFERATSAKER

- SAK 22 19-21** Godkjenning av innkalling og sakliste
- SAK 23 19-21** Godkjenning av protokoll nr. 01 19-21 frå Skikrinsstyret
- SAK 24 19-21** SFSK AK protokoll nr. 02 19-21
- SAK 25 19-21** SFSK AK referat Haustmøtet 2019
- SAK 26 19-21** SFSK LK protokoll nr. 02 19-21
- SAK 27 19-21** SFSK LK referat Haustmøtet 2019
- SAK 28 19-21** SFSK HKK protokoll nr. 02 19-21
- SAK 29 19-21** SFSK HKK referat Haustmøtet 2019

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 30 19-21** Klubbundersøkinga 2019
- SAK 31 19-21** SFSK Handlingsplan 2019-2021
- SAK 32 19-21** Fluorforbodet
- SAK 33 19-21** Organisasjonsprosess i fellesadministrasjon i NSF
- SAK 34 19-21** Høyringsnotat frå Organisasjonsutvalet til NSF
- SAK 35 19-21** Budsjett 2020
- SAK 36 19-21** Møteplan 1. halvår 2020

RAPPORTERING

- SAK 37 19-21** Rekneskapsrapport pr. 21.11.2019

ORIENTERINGSSAKER

- SAK 38 19-21** Sogn og Fjordane-leikane
- SAK 39 19-21** Utedagen 2020
- SAK 40 19-21** Utstyrspakke skileik



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

SAK 41 19-21

SAK 42 19-21

**Fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg
Idrettsordningar på vidaregåande skule**

EVENTUELT

TIL STADES:

Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal, Erik Røste (Skistyret) og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

Henning Sæthre

MERKNADER:

Jan Inge Årdal (nestleiar HKK) møtte i stadenfor Henning Sæthre (leiar HKK)

REFERENT:

Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 22 19-21

**Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 23 19-21

**Godkjenning av protokoll nr. 01 19-21 frå Skikrinsstyret
Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 01 19-21 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 01 19-21.

SAK 24 19-21

**SFSK AK protokoll nr. 02 19-21
Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 19-21 i alpinksomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 25 19-21

**SFSK AK referat Haustmøtet 2019
Bakgrunn**

Referat frå alpinksomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 26 19-21

**SFSK LK protokoll nr. 02 19-21
Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 02 19-21 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 27 19-21

SFSK LK referat Haustmøtet 2019

Bakgrunn

Referat frå langrennskomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

SAK 28 19-21

SFSK HKK protokoll nr. 02 19-21

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 02 19-21 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 29 19-21

SFSK HKK referat Haustmøtet 2019

Bakgrunn

Referat frå hopp- og kombinertkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 30 19-21

Klubbundersøkinga 2019

Bakgrunn

Norges Skiforbund gjennomførte ei klubbundersøking hausten 2019 for alle skiklubbar.

Svara seier noko om:

- Dagens situasjon i klubb
- Klubbane sine ynskjer og behov frå Norges Skiforbund og skikretsen framover
- Klubbane sine innspel til prioriterte oppgåver dei neste fire åra

Frå Sogn og Fjordane kom det 27 svar av totalt 469.

Svar frå klubbundersøking i Sogn og Fjordane er lagt ved som eige vedlegg.

Følgjande svar i klubbundersøkinga for Sogn og Fj. (utvalde spørsmål):

- 60 % er kjent med Skiforbundets utviklingsmodell (SUM)
- Korleis rekrutterast nye medlemar til idrettslaget/skigruppa (kan velje fleire svaralternativ)?
 - 72 % gjennom Telenor Karusellen
 - 44 % frå skule/SFO
 - 41 % frå allidrett
 - 38 % gjennom eigne rekrutteringstiltak
 - 24 % frå skiskular
- Tre største utfordringane for rekruttering av medlemar:

- 72 % Konkurransen frå andre idrettar/aktivitetar
 - 38 % Manglande snø
 - 24 % Andre utfordringar
- 82 % svarar at det i klubben er enkelt for barn 6-12 år å vere aktiv i fleire idrettar samtidig
- 55 % svarar at det i klubben er enkelt for ungdom 13-16 år å vere aktiv i fleire idrettar samtidig
- I kva aldersgrupper opplever idrettslaget/skigruppa størst fråfall (kan velje fleire svaralternativ)?
 - 74 % 14-15 år
 - 40 % 12-13 år
 - 33 % 16-17 år
- Tre største årsakene til fråfall:
 - 81 % Konkurransen frå andre idrettar/aktivitetar
 - 29 % Anna
 - 26 % For kostbart/ manglande sosialt miljø
- Tre største utfordringane for idrettslaget/skigruppa m.t.p. gjennomføring av arrangement?
 - 57 % Snø
 - 53 % Tilgang på funksjonærar/frivillige
 - 32 % Anleggsfasilitetar
- Kva kurs kunne de tenkt dykk meir av (flere svaralternativ er mogleg)?
 - 80 % Kurs for aktivitetsleiarar og trenarar
 - 38 % Kurs for anleggsutvikling
 - 30 % Kurs for arrangørar, TD/dommar
- Tre største barrierane for å delta på kurs:
 - 75 % For lang reiseveg til kurset
 - 71 % For tidkrevjande
 - 35 % Kurser er for omfattande
- For at flest mogleg frå idrettslaget/skigruppa skal delta på kurs bør kurset haldast:
 - I lokalt anlegg
 - På kveldstid på ein vekedag
 - Samtidig som skigruppa har trening/aktivitet
- Tre viktigaste områda innanfor aktivitetsutvikling organisasjonen bør prioritere i perioden 2020 til 2024:
 - 84 % Rekruttere nye medlemmar
 - 57 % Minske fråfall av utøvarar
 - 53 % Utdanne gode trenarar
- Tre viktigaste områda innanfor organisasjonsutvikling organisasjonen bør prioritere i perioden 2020 til 2024:

- 89 % Styrke idrettslaga
 - 74 % Bygge og drifte snøsikre anlegg
 - 55 % Arbeide mot økonomi som barriere
- Har idrettslaget/skigruppa hatt besøk frå Skiforbundet/skikretsen dei siste tre åra?
 - 60 % Ja
 - 35 % Nei

Utvalde svar vart presentert i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 31 19-21

SFSK Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

SFSK sin handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

I samband med møtet skal Skikrinsstyret drøfte skikrinsen sine tiltak, oppdaterte handlingsplan med omsyn til status, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 32 19-21

Fluorforbodet

Bakgrunn

Langrennskomiteen (NSF) gjorde vedtak i etterkant av Haustmøtet 2017 om å innføre eit fluorforbod i klassane til og med 16 år, men først når det finst sikre kontrollmetodar som kan identifisere fluor under skia før start i skirenn.

Fram til dette forbodet trer i kraft oppmoda ein alle skikretsar og klubbar til å nytte gliprodukt utan fluor – i alle skirenn – spesielt til og med 16 år.

Kretsar og klubbar kunne vedta oppmodingar, men dette kunne ikkje kommuniserast som regel eller forbod.

Følgjande vart vedtatt i Skikrinsstyret 11. desember 2017:

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å oppmode at alle arrangement approbert i Sogn og Fjordane Skikrins si terminliste skal vere «fluorfrie». Dvs. at ein oppmodar alle klubbar å nytte gliprodukt utan fluor – spesielt i årsklassane til og med 16 år.

Frå sesongen 2018-2019 vedtok Langrennskomiteen, Alpinksomiteen og Hoppkomiteen i NSF forbod mot bruk av fluorhaldige gliprodukt for klassane til og med 16 år.

Skikrinsstyret tek stilling til om vedtaket frå 11.12.2017 framleis skal vere gjeldande.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om sterkt å oppmode om at det i alle arrangement i Sogn og Fjordane Skikrins si terminliste kun skal nyttast fluorfrie gliprodukt i sesongen 2019/20. Dette gjeld i alle greiner og også i klassane over 16 år som ikkje kjem under fluorforbodet til Norges Skiforbund.

SAK 33 19-21

Organisasjonsprosess i fellesadministrasjon i NSF

Bakgrunn

Sidan januar 2019 har det pågått ein organisasjonsprosess i fellesadministrasjonen i NSF.

Det vart orientert i møtet om prosessen, og styret drøfta saka.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 34 19-21

Høyringsnotat frå Organisasjonsutvalet til NSF

Bakgrunn

Organisasjonsutvalet til Norges Skiforbund, som ser på skiforbundet sin politiske styringsmodell, har komme med eit høyringsnotat.

Utvalet ber om høyringssvar frå skikretsar og greinkomitear.

Høyringsnotatet er tidlegare sendt ut til Skikrinsstyret pr. e-post.

Høyringsnotatet med vedlegg finn ein også på denne sida;
<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/organisasjonsutvalget/>

Frist for høyringssvar til utvalet er 6. januar 2020.

Styret drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at styreleiar og adm. lagar eit framlegg til høyringssvar som vert sendt styret for innspel og godkjenning.

Presentasjon til saka er vedlagt.

SAK 35 19-21

Budsjett 2020

Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett for 2020 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2020 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 120 000,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 3 120 000,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavigifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

- Markedsinntektene til Sogn og Fjordane Skikrins er budsjettert på omtrent same nivå som i 2018 (Fjord1 (alpint) går noko ned i 2020, SFE (hopp/ langrenn) går noko opp i 2020, jf. nye samarbeidsavtalar frå 2019).
- Markedsavtalane til skikrinsen skal ikkje reforhandlast i budsjettåret 2020.

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr. 30 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet, paraidrett, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane medan AU held igjen 12% til eiga drift, er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

ARBEIDSUTVALET

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr. 150 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte og Haustmøtet 2020).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

Krinsting

Det skal ikkje haldast krinsting i 2020.

Drift administrasjon

Markedsinntekter

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2020 er ca. kr. 900 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr. 100 000,- i tilskot frå Idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2019 syner. Her bør ein merke seg at tilskotet sannsynlegvis vil bli redusert når Idrettskrinsen går inn i Vestland idrettskrets frå 01.01.2020. Saka skal handsamast på Idrettskretstinget i april 2020.

Lagskontingent

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettet ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2017 og på same nivå som 2019, og utgjør samla ca. kr. 200 000,-.

Momskompensasjon

Jf. tidlegare retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettet med ca. kr. 160 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear.

IT kostnader

IT kostnadane er budsjettet med kr. 20 000,-, ca. kr. 15 000,- mindre enn budsjettet for 2019 viser. Kostnader med internett på krinskontoet er tatt vekk, då det ikkje er behov for eige internett ved Idrettens hus.

Lagbesøk

Under lagsbesøk er det budsjettet med kostnader knytt til klubb utvikling både i klubb og sone, inkludert korte kurs i klubb.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 20 000,-.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettet med tilskot til tekniske arrangørar av rekrutteringstiltak i 2020 på kr. 10 000,-.

Det er vidare budsjettet med eit tilskot på kr. 10 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar).

Det er budsjettet med at prosjektet skal balansere.

Paraidrett

Innanfor område paraidrett er det budsjettet med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Inntektene er budsjettet med eit tilskot frå NSF (post 3-midlar) på kr. 10 000,-, medan kostnadane er relatert til leige av skianlegg.

Det er budsjettet med at prosjektet skal balansere.

Trenarkurs/ utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i balanse.

Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, post 3-midlar og kursinntekter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale m.m.

Det er budsjettet med at prosjektet skal balansere.

Utedagen

Prosjektet *Utedagen* vert vidareført og det er m.a. budsjettet med kr. 100

000,- i offentlege tilskot. Dette tilskotet baserer seg på utviklingsavtale med fylkeskommunen.

På kostnadssida er det budsjettert med opplæring av instruktørar og lærarar, honorar og reise til instruktørar, og prosjektoppfølgning.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjektmidlar

Jf. handsaming og vedtak av langtidsbudsjett på Skikrinstinget 2019 går Prosjekt Telemark/ Randonee over til å gjelde prosjekt for alle greiner.

I utgangspunktet var prosjektet meint som oppstartsmidlar for Telemark-/ Randoneekomité. Komiteen var lagt ned av Skikrinstinget 2019.

Det er ikkje budsjetterte med inntekter på dette prosjektet. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp til eit rammebudsjett på kr. - 30 000,-.

ALPINKOMITEEN

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserer med kr. 911 000,- i driftsinntekter og kr. 911 000,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 396 000,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Billhuset Førde, COOP Nordvest SA og Sparebanken Vest.

Samarbeidsavtalen med Fjord1 går noko ned i avtalesum for 2020.

Det er også lagt inn kr. 20 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er omlag same nivå som budsjett for 2019 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 421 000,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 15 000,-. Dette er omlag same nivå som rekneskap for 2019 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-

Jr. NM

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 10 000,-. Dette er omlag same nivå som rekneskap for 2019 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 10 000,-.

HL

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er

også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av disse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 55 000,-.

Cup

Ifbm. Fjord1 rekrutteringstiltak er det budsjettert med kr. 15 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-.

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterer startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 15 000,-.

Samlingar/ krinslag

Samlingane er budsjettert i høve til alpinkomiteen sitt sportslege opplegg i 2019. Vidare er det budsjettert med innkjøp av nødvendig sportsleg utstyr til komiteen med kr. 20 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 300 000,-.

Alpinkomiteen

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserer med kr. 57 500,- i driftsinntekter og kr. 57 500,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettert med reisekostnader på kr. 4 000,-

Det er også lagt inn kr 5 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 46 000,-.

Jr. NM

Det er ikkje budsjettert med utøvarar til Jr. NM i 2020 frå Sogn og Fjordane.

HL/ «Solan Gundersen»

Ifbm. Hovudlandsrennet/ «Solan Gundersen» er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 13 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 13 000,-

Cup

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med kjøp av premiar på kr. 5 000,- .

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 5 000,-.

Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Det er ikkje budsjettert med inntekter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 22 000,-.

Hopp- og kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 6 000,-.

LANGRENSKOMITEEN

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserer med kr. 1 526 800,- i driftsinntekter og kr. 1 526 800,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 356 800 i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 50 000,- i lisensar/ rennavgifter, tilsvarende nivå som budsjett for 2019.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 425 800,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta vart frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med at prosjekta totaltsett skal balansere.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenarar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærer, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebad. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr. – 118 000,-.

Cup/ SSF Cup

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 35 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 42 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 2 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 4 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel, då det er gjort avtale med andre kretsar om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 120 000,-.

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 330 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), om lag same nivå som budsjettet for 2019 syner.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 125 000,- i kjøp av klede og kr. 190 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 138 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 800,-.

GENERELL SLUTTKOMMENTAR

Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2020.

I tillegg kan det vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2019 til 2020, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når Skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2020, når arbeidet med rekneskapen for 2019 er slutført.

VEDTAK

Skikrinsstyret vedtek rammene for budsjettet 2020, og gjer vidare vedtak om at budsjettet skal reviderast 1. kvartal 2020.

SAK 36 19-21

Møteplan 1. halvår 2020

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset møteplan 1. halvår 2020.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak om møteplan for 1. halvår 2020;

Onsdag 5. februar 2020, Skei
Holmenkollen 6.-8. mars 2020 (tur for Skikrinsstyret)
Måndag 20. april 2020, Skei

RAPPORTERING

SAK 37 19-21

Rekneskapsrapport pr. 21.11.2019

Bakgrunn

Rekneskap pr. 21.11.2019 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 21.11.2019:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 3 469 933,-	Kr 3 103 625,-	Kr 366 309,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 850 936,-	Kr 627 045,-	Kr 223 891,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 971 331,-	Kr 894 304,-	Kr 77 027,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 50 220,-	Kr 35 817,-	Kr 14 403,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 1 597 446,-	Kr 1 546 459,-	Kr 50 988,-	Kr 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering, og presentasjon til saka er vedlagt.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 38 19-21

Sogn og Fjordane-leikane

Bakgrunn

Skikrinsen sitt arrangement Sogn og Fjordane-leikane skal avviklast i Sogndal Skisenter (Hodlekve) 1. februar 2020.

Informasjon om arrangementet er publisert på skikrinsen sine nettsider;
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2019/11/sogn-og-fjordane-leikane/>

Arrangementet er implementert i greinkomiteane sine terminlister med rennfri helg. I tillegg vil det bli lagt opp til greinvise breiddesamlingar for unge utøvarar i samband med arrangementhelga.

Tonje T. og adm. orienterte i møtet om status for Sogn og Fjordane-leikane, m.a. om følgjande punkt;

- Tilrettelegging i skianlegget
- Bidrag frå ressurspersonar
- Bidrag frå greinkomiteane/-miljøa

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 39 19-21

Utedagen 2020

Bakgrunn

Skikrinsen sitt prosjekt *Utedagen* vert vidareført kommande vinter.

Det er søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om prosjektmidlar. P.t. har ein ikkje fått svar på om fylkeskommunen støttar prosjektet med økonomiske midlar. Det er likevel økonomisk grunnlag for å starte prosjektet med restmidlar frå *Utedagen 2019*.

Rapport for *Utedagen 2019* og søknad til *Utedagen 2020*, som er sendt fylkeskommunen, er lagt ved som eige vedlegg.

Invitasjon om deltaking i prosjektet vart sendt grunnskular i Sogn og Fjordane i veke 47, i tillegg vart informasjon sendt til skigruppene.

Informasjon om *Utedagen 2020* er også publisert på skikrinsen sine nettsider;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2019/11/utedagen-2020/>

Vidare skal prosjektet legge til rette for praktiske fagøktar på ski for kroppsøvlingslærarar og andre aktuelle lærarar i grunnskulen i Sogn og Fjordane, samt aktuelle instruktørar i idrettslaga. Fagøktene er p.t. uavklart mtp. ressurspersonar.

Elise Skeide Bakke vil følgje opp prosjektet kommande vinter.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 40 19-21

Utstyrspakke skileik

Skikrinsen har fått innvilga kr. 100 000,- frå Sparebankstiftinga til prosjektet *Utstyrspakke skileik*.

Gjennom prosjektet *Utstyrspakke skileik* vil skigrupper kunne søke skikrinsen om å få ein utstyrspakke til bruk i sin skiaktivitet. I tillegg vil dei få tilbod om klubbeseøk frå skikrinsen, der ein får gode aktivitetstips i bruk av utstyret.

Informasjon om til skigruppene er publisert på skikrinsen sine nettsider; <https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2019/11/sok-om-utstyrspakke-skileik/>

Søknadsfrist er 10. desember 2019.

Søknadane vil bli handsama av adm. i samråd med Skikrinsstyret.

Følgjande kriteria vil ligge til grunn i handsaming av søknader:

- vil kunne gi særleg effekt for rekruttering i skigruppa
- skigrupper i alle sonene (Sogn, Sunnfjord, Nordfjord) representert i tildelinga
- sambruk på tvers av greiner i skigruppa/ til bruk for generell skiaktivitet

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 41 19-21

Fylkeskommunalt driftstilskot til skianlegg

Bakgrunn

I 2000 tok Kulturdepartementet bort nemninga fylkesidrettsanlegg, og ordninga med driftsstønad vart lagt om, m.a. for å følgje opp mål og intensjonar om å stimulere til aktivitet og frivillig arbeid.

Med driftstilskotet vil fylkeskommunen stimulere til frivillig arbeid, fokusere på aktivitet og utløyse større kommunale driftstilskot til anlegg med omfattande frivillig drift.

Det vert i prinsippet gitt stønad til eit anlegg i same region (Sogn, Sunnfjord og Nordfjord).

Dei seinare åra har storleiken på det fylkeskommunale driftstilskotet samla vore på kr. 200 000,-. Tilskotet vert fastsett av hovudutval for næring og kultur ved budsjetthandsaminga kvart år.

Følgjande anlegg er prioritert for fylkeskommunalt driftstilskot:

- Ullsheim Skisenter (langrenn/ skiskyting)
- Nordfjord Fritidssenter (hopp)
- Langeland Skisenter (langrenn)
- «Ski i Sogn», Sogn Skisenter og Sogndal Skisenter (alpint/ langrenn)

Adm. og Hallvard N. (leiar av anleggsutvalet) har prøvd å få til eit møte med fylkeskommunen for å bli orientert om kva som vil skje med ordninga når ein går over til Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020.

Saka vart orienterte om i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 42 19-21

Idrettsordningar på vidaregåande skule

Bakgrunn

Skikrinsen har tidlegare komme med innspel til Idrettskrinsen i vidare arbeid med idrettsordningar for potensielle toppidrettsutøvarar på vidaregåande skule i nye Vestland fylke. Jf. Sak 21 19-21 i møte nr. 01 i Skikrinsstyret.

Adm. har etterspurt administrasjon i Idrettskrinsen om status i vidare arbeid for ordningane inn mot fylkeskommunen, men har ikkje fått ny informasjon.

VEDTAK



Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at adm. og styreleiar følgjer opp saka med Idrettskrinsen.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 23 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 01 19-21 frå Skikrinsstyret

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 07.09.2019

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL MØTE NR. 01 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021

Stad: Årdal i Jølster (hytta til Hallvard Nygård)

Tidspunkt: Frammøte, fredag 06. september 2019, kl. 17.45
Avslutning, laurdag 07. september 2019, ca. kl. 13.00

RAMMEPROGRAM, FREDAG 06. SEPTEMBER 2019

Program	Tidspunkt	Saker
Frammøte	Kl. 17.45	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 18.00-20.30	Sak 01-09
Middag	Kl. 21.00	

RAMMEPROGRAM, LAURDAG 07. SEPTEMBER 2019

Program	Tidspunkt	Saker
Frukost	Kl. 08.00	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 09.00-12.00	Sak 10-21
Lunsj	Kl. 12.00	
Heimreise	Kl. 12.30 – 13.00	

Sakliste; sjå neste side.

REFERATSAKER

SAK 01 19-21	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 02 19-21	SFSK Protokoll frå Skikrinstinget 2019
SAK 03 19-21	SFSK AK protokoll nr. 01 19-21
SAK 04 19-21	SFSK LK protokoll nr. 01 19-21
SAK 05 19-21	SFSK HKK protokoll nr. 01 19-21

RAPPORTERING

SAK 06 19-21	Rekneskapsrapport pr. 27.08.2019
SAK 07 19-21	Samordna søknad og rapportering 2018

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 08 19-21	Rammer for arbeidet i Skikrinsstyret
SAK 09 19-21	SFSK Handlingsplan 2019-2021
SAK 10 19-21	Prosjekt i skikrinsen
SAK 11 19-21	Utval for telemark og randonee
SAK 12 19-21	Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins
SAK 13 19-21	Møteplan Skikrinsstyret
SAK 14 19-21	Ekstraordinært Idrettskrinsting, 09.11.2019
SAK 15 19-21	Høyring - Etikk i skiforbundet

ORIENTERINGSSAKER

SAK 16 19-21	Organisasjonsutvalet til NSF
SAK 17 19-21	Beredskapsplan 2019-2021
SAK 18 19-21	Haustmøtet 2019
SAK 19 19-21	NSF Haustmøtet 2019
SAK 20 19-21	Team Veidekke Vest
SAK 21 19-21	Idrettsordningar på vidaregåande skule

EVENTUELT

SAK 22 19-21	Kommunesamanslåing og kretstilhøyring
---------------------	--

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Henning Sæthre, Tor Arne Hov, Stein Erik Øvrebø (1. vara) og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER: Henning Sæthre deltok frå sak 8.

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 01 19-21

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 02 19-21

SFSK Protokoll frå Skikrinstringet 2019 Bakgrunn

Protokoll frå Skikrinstringet 2019 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen frå Skikrinstringet til orientering.

SAK 03 19-21

SFSK AK protokoll nr. 01 19-21 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 19-21 i alpinkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 04 19-21

SFSK LK protokoll nr. 01 19-21 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 19-21 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 05 19-21

SFSK HKK protokoll nr. 01 19-21 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 19-21 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 06 19-21

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2019 Bakgrunn

Rekneskap pr. 27.08.2019 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 27.08.2019:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 2 744 196,-	Kr 2 207 225,-	Kr 536 971,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 605 543,-	Kr 327 353,-	Kr 278 190,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett

Kr 765 051,-	Kr 706 926,-	Kr 58 125,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 25 220,-	Kr 34 236,-	Kr -9 016,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 1 348 381,-	Kr 1 138 710,-	Kr 209 671,-	Kr 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

SAK 07 19-21

Samordna søknad og rapportering 2018

Bakgrunn

Samordna søknad og rapportering (tidl. Idrettsregistreringa) gjennomførast i perioden 01.-30. april ved at idrettslaga rapporterer nøkkelinformasjon til NIF.

Tala frå idrettsregistreringa dannar grunnlag for ulike økonomiske støtteordningar (lokale aktivitetsmidlar, utstyrsmidlar, kommunale mildar etc.). Tala dannar vidare grunnlag for statistikkar om og for idretten.

Det er difor viktig for skiidretten i Sogn og Fjordane at alle skigrupper registrerer sin aktivitet via Samordna Rapportering. Det er elles svært viktig at skikrinsen følgjer opp registreringa av aktive medlemar i skigruppene, sidan ordninga er avgjerande m.o.t. tilskotsordningane frå Norges Skiforbund.

I Samordna Rapportering skal det registrerast tal aktive medlemar i dei ulike aldersgruppene og kjønn i særgruppene/ grein:

- Som aktive medlemar reknar ein alle som regelmessig deltek i organisert aktivitet i regi av skigruppa, eller representerer idrettslaget/ skigruppa i konkurransar.
- Med «deltaking» meinast både å sjølv utøve idretten gjennom trening eller konkurransar, og å legge til rette for at andre skal kunne drive aktivitet i skigruppa (t.d. styreverv, komitear og andre valte eller oppnemnte oppgåver – trenarar, oppmenn og andre faste oppgåver som utførast over ein tidsperiode – andre faste oppgåver innan t.d. arrangement; tidtakarar, stadion, løype, kafé, sekretariat, osv.)

I 2016 vart det innført ei ny ordning med elektronisk medlemsregistrering. Dvs. at alle idrettslag må registrere sine medlemar i eit godkjent elektronisk medlemsregister. Dette er eit krav som følgje av medlemskapet i NIF.

Sogn og Fjordane Skikrins – Samordna Rapportering 2008-2018

Fig. 1) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins 2008-2018




Fig. 2) Samordna Rapportering 2018 Sogn og Fjordane Skikrins, fordeling av medlemsmassen.




Fig. 3) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins
aldersgruppa 6-12 år, 2008-2018




Fig. 4) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins
aldersgruppa 13-19 år, 2008-2018





Fig. 5) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins, aldersgruppa 6-12 år samanlikna med aldersgruppa 13-19 år



VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 08 19-21

Rammer for arbeidet i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Saka vert presentert av styreleiar og adm. i møtet.

Skikrinsstyret drøfta forventingsavklaringar og rammene for styrearbeidet i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret drøfta rammene for styrearbeidet og kom fram til følgjande punkt:

- Lover og vedteker skal følgjast
- Ansvarleg økonomistyring
- Openheit og informasjon, involvering
- Utnytte kompetanse til kvarandre
- Møte på Vår- og Haustmøte til skikrinsen
- Ta del i aktivitet
- Gi tilbakemelding om forfall i god tid.

Om ikkje leiar i greinkomiteane kan møte i samband med møter i Skikrinsstyret eller sentrale møter, så møter nestleiar eller andre i komiteen.

Presentasjonen til saka, som vart gjennomgått i møtet, er vedlagt.

SAK 09 19-21

SFSK Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins ein handlingsplan for perioden 2019-2021 er vedlagt.

I samband med møtet skal styret handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek prosessen og drøftingane til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp intensjon, mål og tiltak i høve til førebels arbeidsfordeling og fristar.

SAK 10 19-21

Prosjekt i skikrinsen

Bakgrunn

Vinteren 2019 vart prosjektet *Utedagen 2019* satt i gong;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2019/1/utedagen-2019/>

Rapport for prosjektet vart sendt ut på førehand og presentert i møtet.

I tillegg skal det sendast ein rapport til fylkeskommunen.

For øvrig er vidareføringa av prosjektet vinteren 2020 noko usikker, m.a. fordi finansieringa er avhengig av ein ny utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune eller anna finansiering.

I tillegg er det sendt inn søknad til Sparebankstiftinga på prosjektet *Utstyrspakke skileik*.

Gjennom prosjektet *Utstyrspakke skileik* vil skigrupper kunne søke skikrinsen om å få ein utstyrspakke til bruk i sin skiaktivitet. I tillegg vil dei få tilbod om klubbesek frå skikrinsen, der ein får gode aktivitetstips i bruk av utstyret.

Søknaden er utarbeida av adm. i samråd med styreleiar, og vart sendt ut til Skikrinsstyret før den vart sendt inn innan søknadsfristen 01. september 2019.

Prosjektsøknaden er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Adm. følgjer opp Idrettskrinsen om status for utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

SAK 11 19-21

Utval for telemark og randonee

Bakgrunn

Telemark-/ randoneekomiteen, som vart etablert og valt på Skikrinstinget 2017, vart lagt ned av Skikrinstinget 2019. Dette etter framlegg frå Skikrinsstyret, jf. vedtak i møte 08 17-19, sak 109.

Ved interesse frå dei respektive greinene kan Skikrinsstyret opprette utval, ei for kvar grein.

Utvala skal jobbe for å skape auka aktivitet i desse greinene, og kan søke skikrinsen økonomisk støtte til dette.

Adm. har følgd opp dei ulike greinmiljøa og ga ei orientering om status i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å opprette eit utval for telemark. Adm. følgjer opp miljøet i telemark for oppretting av utvalet.

Vidare vil Skikrinsstyret følgje opp randoneemiljøet i fylket for oppretting av eit randoneeutval.

SAK 12 19-21

Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fylkeskommunen	AU/Utedagen		Vidare samarbeidsavtale er uavklart.
AVIS Bilutleige	AU	2021	Avtale går til t.o.m. 30.06.2021.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020. Reforhandling bør settast i gong.
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Avtale går til t.o.m. 31.05.2021.
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (går ut 30.04.2022)
COOP Nordvest SA	Alpint/ langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020.
Fjord1	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021.
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går til t.o.m. 2021.
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021.
Intersport Sogndal	Alpint	2019	Avtale skal reforhandlast der det er opsjon om to nye år (til 2021).

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å setje i verk reforhandling av følgjande samarbeidsavtalar:

- 1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.

- 2) Sparebanken Sogn og Fjordane, ansv.: Adm. + LK
- 3) Intersport Sogndal, ansv.: Adm. + AK

SAK 13 19-21

Møteplan Skikrinsstyret

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset møteplan for 2019-2020.

VEDTAK

Skikrinsstyret fastset følgjande møteplan:

- Møte i Skikrinsstyret; laurdag 26. oktober 2019 kl. 09.00-10.00, i framkant av Haustmøtet på Idrettens Møteplass på Sandane
- Møte i Skikrinsstyret; måndag 02. desember 2019 kl. 17.00-21.00, Thon Jølster Hotell

SAK 14 19-21

Ekstraordinært Idrettskrinsting, 09.11.2019

Bakgrunn

Styret i Sogn og Fjordane idrettskrins kallar inn til ekstraordinært idrettskrinsting laurdag 09. november 2019 på Myrkdalen Hotel kl. 11.00-12.30.

Det ekstraordinære tinget skal handsame forslag om samanslutning med Hordaland idrettskrets med verknad frå 01.01.2020, samt handsame vedtak som gjer samanslutninga mogleg.

Interimstyret for etableringa av Vestland idrettskrets/idrettskrins kallar inn til konstituerande krinsting laurdag 09. november 2019 på Myrkdalen Hotel kl. 14.00-17.00.

Innkalling med representantfordeling er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande representasjon;

- Finn Årdal, leiar
- Tonje N. Tangerud, styremedlem
- Stein Erik Øvrebø, 1. varamedlem?
- Nina Munthe Olsen?

Andre styremedlemar og komitémedlemar er vara.

Administrasjonen følgjer opp saka.

SAK 15 19-21

Høyring - Etikk i skiforbundet

Bakgrunn

Norges Skiforbund har sendt ut eit høyringsbrev vedr. etikk i skiforbundet.

Høyringsbrevet og vedlegg til dette finn ein vedlagt.

Styreleiar innleia om saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at adm. lagar til eit høyringssvar basert på diskusjonar i møtet.

Høyringssvaret vert sendt ut til styret for godkjenning før det vert sendt inn.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 16 19-21

Organisasjonsutvalet til NSF

Bakgrunn

Organisasjonsutvalet til Norges Skiforbund, oppnemnt av Skistyret, skal sjå på skiforbundet sin politiske styringsmodell.

På Vår møtet til Norges Skiforbundet la Organisasjonsutvalet fram førebels rapport.

Her var styreleiar og AK-leiar til stades frå styret, i tillegg til adm.

Presentasjonen av rapporten finn ein på denne sida;

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/organisasjonsutvalget/>

Informasjonen vart sendt ut til styret etter Vår møtet i NSF.

Parallelt med Organisasjonsutvalet sitt arbeid pågår det ein fellesadministrativ prosess i Norges Skiforbund.

Styreleiar la fram saka i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 17 19-21

Beredskapsplan 2019-2021

Bakgrunn

Beredskapsplan for 2019-2021 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 18 19-21

Haustmøtet 2019

Bakgrunn

Haustmøtet til Sogn og Fjordane Skikrins vert gjennomført laurdag 26. oktober på «Idrettens Møteplass» på Sandane, Trivselshagen.

Rammeprogram:

Kl. 09.30-10.00	Registrering
Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins - alpint - langrenn - hopp og kombinert

Parallelt er det ei tverridrettsleg treningssamling for aldersgruppa 12-19 år (f. 2000-2007).

Trenarar: Ole Morten Mardal, Gloppen Friidrettslag/Firda vgs, og basistrenar frå Olympiatoppen Vest.

Fredag 25. oktober feirar Sogn og Fjordane idrettskrins 100 års jubileum med middag og program på Gloppen hotell.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vedta om å ha ein fellesdel kl. 13.00-13.45 før dei greinvise Haustmøta.

SAK 19 19-21

NSF Haustmøtet 2019

Bakgrunn

Norges Skiforbund sitt Haustmøte vert avvikla på Gardermoen 18.-20. oktober 2019.

Lenke til informasjon og program:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/arrangor-anlegg2019/>

Frå Sogn og Fjordane Skikrins deltek følgjande:

- 1) Styreleiar, Finn Årdal (kretsleiarmøtet)
- 2) Nestleiar, Hallvard Nygård (arrangør- og anleggseminar)
- 3) Leiar AK, Per Asbjørn Felde (alpinkomiteen sitt fagmøte)
- 4) Medlem av HKK (hoppkomiteen sitt fagmøte)
- 5) Leiar LK, Tor Arne Hov (langrennskomiteen sitt fagmøte)
- 6) Adm. sjef, Ingrid Narum (div. møter)

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 20 19-21 Team Veidekke Vest

Bakgrunn

Agder og Rogaland Skikrets, Hordaland Skikrets og Sogn og Fjordane Skikrins inngjekk i 2015 eit samarbeid om Team Veidekke Vest (TVV).

TVV er eit treningsfellesskap der partane skal samarbeide om ein felles spissa satsing for dei aller beste senior langrensløparane i regionen. TVV har som mål å utvikle løparar til landslagsnivå og vere eitt av Norges Skiforbund (NSF) sine viktigaste rekrutteringsmiljø.

LK-leiar er SFSK sin representant i styringsgruppa.

Samarbeidsavtalen er vidareført for sesongen 2019-2020.

Signert avtale er vedlagt.

Avtalen forpliktar alle parter økonomisk og juridisk.

Kvar av partane stiller kr 100.000 som garanti for laget si drift. Dette beløpet fakturerast ikkje utan særskilt vedtak i styringsgruppa. Garantibeløpet er ein «siste utveg». Andre aktuelle finansieringsmåtar skal prioriterast.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 21 19-21 Idrettsordningar på vidaregåande skule

Bakgrunn

Idrettskrinsen ba om innspel frå særkrinsar i vidare arbeid med idrettsordningar for potensielle toppidrettsutøvarar på vidaregåande skule i nye Vestland fylke, med frist 19. juni 2019.

Bakgrunn frå Idrettskrinsen:

Tidlegare i vinter fekk vi orientering frå Opplæringsavdelinga om at det ikkje ville bli lagt opp til medverknad frå idretten på korleis idrettsordningane i vgs skulle bli i Vestland fylke. I dag har vi «spissa idrettsordning» for fotball og volleyball (skiskyting er no landslinje), og ordninga for «potensielle toppidrettsutøvarar» for dei andre idrettane. I Hordaland er det toppidrettslinjer ved skular i Bergen og på Voss, koordinert av Olympiatoppen.

Vi ynskjer å vere «på», og både bli orientert om kva som er status frå fylket si side, og å få kome med våre innspel til ordninga vidare. Merk at for skuleåret 2019-2020 vert det ingen endringar, men vi har i dag ikkje noko informasjon om kva som er planlagt vidare.

Sogn og Fjordane og Hordaland IK, samt Olympiatoppen Vest har difor bedt om eit møte med Rune Haugsdal, prosjektleiar for samanslåinga av dei to fylka. Vårt mål med møtet er å få ein status frå fylkeskommunen si side på kvar dei er i prosessen, og å formidle status og innspel frå idretten.

Følgjande innspel om idrettsordningar i vidaregåande skular er spelt inn frå Sogn og Fjordane Skikrins:

- **Evaluering av dagens ordningar**
 - Det manglar føringar til vgs. på korleis ordninga skal praktiserast, særleg på gyldig fråvær.
 - Ordninga har vore viktig for utøvarar der denne har fungert etter intensjonen.
- **Innspel på idrettsordningar i vgs. i framtida**
 - Det er viktig å ivareta idretten sine interesser og at det må bli lagt opp til medverknad frå idretten på korleis idrettsordningane i vgs. skal bli i Vestland fylke.
 - Idrettsordning i vgs. er heile avgjerande for at potensielle toppidrettsutøvarar i alderen 15-19 år kan bli buande i eige fylke for å satse på sin idrett.

Ei slik ordning kan også vere avgjerande for om utøvaren held fram i idretten sin, då det er fleire problemstillingar som blir aktuelle dersom ein må flytte ut av fylket for å kunne satse på idretten sin parallelt med å ta vidaregåande opplæring. T.d. økonomi og kor moden utøvaren er for å flytte vekk frå eit trygt utviklingsmiljø.

- Tydelege føringar frå fylkeskommunen på korleis ordningar skal praktiserast, der informasjon og praktisering ved Sogndal vgs. bør vere eit utgangspunkt:

Rutine for permisjonar knytt til fråvær for aktivitetar som kultur og idrett o.l. ved Sogndal vidaregåande skule.

Målsetjing: Sogndal vgs ønskjer å tilrettelegge skulekvardagen slik at elevar som satsar målretta innan kultur og idrett kan utøve aktiviteten sin ved sidan av skulegang.

I henhold til skulereglementet til Sogndal vidaregåande skule (punkt 8.4 f), kan elevar etter søknad krevje at inntil 10 dagar med fråvær knytt til m.a. 'representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå' ikkje vert ført på vitnemålet.

I tillegg til denne mulegheita, har Sogndal vidaregåande skule følgjande rutinar for fråvær knytt til kultur og idrett:

- a) Elevar som er inntekne på ordningane spissa idrettstilbod og potensielle toppidrettsutøvarar i samarbeid med Sogn og Fjordane idrettskrins, har rett på idrettspermisjon utan fråvær på aktivitetar som går føre seg i regi av den einskilde særkrins, eller på nasjonalt nivå i klubb. Her kjem òg aktivitetar knytt til representasjon på landslag o.l.*
- b) Andre elevar kan søkje permisjon på same grunnlag som i punkt a) for å delta i konkurranse og aktivitetar i sin idrett/kulturaktivitet. Me viser her til forskrift til opplæringslova §3-47 (organisert studiearbeid eller studieadministrative gjeremål etter avtale med faglærar eller rektor skal ikkje reknast som fråvær)*
 - a. Desse søknadane skal vurderast i kvart einskild tilfelle, og vedtak vert gjort av avdelingsleiar i samråd med den einskilde faglærar i faget eleven får fråvær/permisjon i*
 - b. Godkjenning av dette fråværet avhenger av kva eleven mister av skulearbeid, og nivået på aktiviteten eleven søkjer permisjon til*
 - c. Skulefaglege vurderingar må ligge til grunn, og viss det ikkje vert vurdert som «fagleg forsvarleg» vil ikkje permisjon verte gjeven. I so fall vil det bli ført vanleg fråvær utan dokumentasjon.*

For begge fråværspekta a) og b), har eleven ansvar for å sikre god dialog med faglærarane, slik at ein kan følgje fagleg progresjon i alle faga ein mister ved permisjon/fråvær. Ein open dialog med den einskilde faglærar og oppfølging av avtalar om skulearbeid er ein

føresetnad for at det ikkje skal forast fråvær. Eleven må sikre seg deltaking i vurderingssituasjonar.

Skulen minner elles om § 3-3 i forskrift til opplæringslova, om grunnlaget til vurdering i fag, som seier at stort fråvær eller andre grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gje halvårsvurdering med karakter eller standpunktvurdering

Eleven sine plikter. For at permisjonen skal verte godkjent må eleven:

- 1) Legge inn fråværet sitt i skulearena som «Anna undervisning/ studiearbeid etter avtale», som hovudregel minst ei veke på førehand (fristen kan i særskilte tilfelle vere kortare)*
- 2) Ta kontakt med kontaktlærer og alle involverte faglærarar, der ein ber om permisjon og avtaler arbeid til sjølvstudium. Eleven fører avtalt studiearbeid inn i dette skjema (på andre sida), og får faglærer til å signere at det som avtalt.*
- 3) Levere dette skjema (søknad om permisjon) ferdig utfylt til avdelingsleiar.*

Konsekvensar for eleven med misbruk av ordninga:

- Brot på retningslinene for fråvær/permisjon vil føre til:
 - o «Ikkje godkjent» fråvær vil komme på vitnemålet som ordinært/udokumentert fråvær*
 - o Varsel om nedsatt karakter i orden**
- Gjentekne brot på retningslinene for fråvær/permisjon vil føre til:
 - o Eleven mister retten til å søke permisjon/fråvær inneverande skuleår*
 - o Nedsatt karakter i orden**

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT SAK 22 19-21

Kommunesamanslåing og kretstilhøyring Bakgrunn

Når kommunar slår seg saman på tvers av fylkesgrenser og der kommune skiftar fylke, vert problemstilling rundt tilhøyring av krets aktualisert.

I Sogn og Fjordane blir Hornindal kommune nye Volda kommune frå 01.01.2020, og ein del av Møre og Romsdal fylke.

Særgrupper i idrettslag kan sjølv bestemme kva særkrets ein ynskjer tilhøyre.

Adm. har vore i kontakt med skigruppa i Hornindal IL. Dei har ikkje teke stilling til kva særkrets dei ynskjer tilhøyre, og vil følgje det opp i hausten 2019.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 24 19-21 SFSK AK protokoll nr. 02 19-21

Alpinkomiteen@

Sakshand.: PAF/ IN

Dato: 27.09.2019

Arkivk.: ak/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 02 I ALPINKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Onsdag 25. september 2019, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 06 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 07 19-21 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 19-21 i AK

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 08 19-21 Samlingsplan haust/ vinter 2019-2020
SAK 09 19-21 Terminliste 2019-2020
SAK 10 19-21 Samarbeid krinstrenar og sportsleg ansvarlege i AK og adm.
SAK 11 19-21 Oppdragsbaserte arbeidsavtalar krinstrenarar
SAK 12 19-21 Saker til Haustmøtet 26. oktober 2019
SAK 13 19-21 Handlingsplan 2019-2021

RAPPORTERING

SAK 14 19-21 Rekneskapsrapport pr. 27.08.2019

ORIENTERINGSSAKER

SAK 15 19-21 Orientering om markedsarbeidet til komiteen
SAK 16 19-21 Beredskapsplan for Sogn og Fjordane Skikrins
